

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Eigarane av Vassbotnvegen
v/Ole Martin Eikeland
Suldalsvegen 919
4230 Sand

Ritland 29.06.15

**Høyringsuttale til søknad om bygging av vasskraftverk i Steinsåna, Suldal i Rogaland Fylke.
Registreringsnummer 7315, Saksnummer 201306828**

Me er fire eigedommar (13/1, 13/2, 14/1 og 23/5) som i fellesskap eig Vassbotnvegen inn langs Ritlandsvatnet i Suldal kommune. To av desse grunneigarane er fallrettseigarar i Steinsåna/Røssåna, og har inngått avtale med Clemens Kraft om utbygging av fallet i desse to elvane.

Me les i konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft at dei har avtalar med involverte grunneigarar. Me finn det då naudsynt å påpeike at Clemens kraft ikkje har avtale med dei to eigarane i vegen som ikkje eig fall i dei to aktuelle elvane(13/1 og 13/2). Clemens kraft har heller ikkje avtale med eigaren av 13/2 som vil få store deler av røyrkata over sin eigedom.

For dei av oss som eig fall var det ein klar føresetnad at interessene til eigarane av 13/1 og 13/2 vart ivaretekne gjennom eigne avtalar. Muntleg har dette blitt lova frå sakshandsamar hjå utbyggingsselskapet fleire gonger utan at dette har resultert i noko konkret.


Me finn det difor naudsynt å be NVE å avslå konsesjonssøknaden frå Clemens kraft inntil prosjektet er endra slik at det berre omfattar eigedommar som konsesjonssøklar har skriftlege avtalar med.



Ole Martin Eikeland
Gnr.13, bnr.2



Erling Ritland
Gnr.13, bnr.1



Lars Vasshus
Gnr.14, bnr.1



Siri Aadnøy
Gnr.23, bnr.5